



HANDBOK FOR TILLITSFOLK



ROGALAND UNGDOMSLAG



	Innhald	Side
	Føreord	3
1	Rogaland Ungdomslag i organisasjonen	3
2	Lover for Rogaland Ungdomslag	4
3	Adresse og bankkonti i Rogaland UL	6
4	Arbeidsrutinar i fylkeslaget	6
5	Faste tilskipingar	8
6	Økonomi	9
7	Kontakten med lokallaga	9
8	Medlemsfordelar - lokallag	10
9	Medlemsfordelar - medlemmer	10
10	Føresegner for arbeidet i særgreinene; generelt	11
	Barne- og Ungdomsnemnd	
	Ungdomsringen	
	Bunadnemnd	
	Folkedansnemnd	
	Studieleiar	
	Teaternemnd	
11	Utklyppsboka	14
12	RU er med i desse organisasjonane	14
13	Heiderlagsmedlem	14
14	Retningsliner for lokallag som lokallag som arrangør av:	15
	Årsmøte	
	Årsmøtefest	
	Seminar	
15	Retningsliner for kurs/storkurs på fylkesplan	16
16	Retningsliner for Fylkesstemne for barn i RU	17
17	Retningsliner for Haustspretten	18
18	Retningsliner for RU sitt Barnearbeidsfond	19
19	Årsrytme i RU	20
	Bilete av RU-fana	21



Føreord


Denne handboka er meint å vera til hjelp for tillitsvalde i laget. Me har prøvd å få med rutinane i lagsarbeidet på ein enkel og oversikteleg måte. Som rettesnor for arbeidet står lovene for Rogaland Ungdomslag sentralt, i tillegg til føresegner for dei ulike nemndene og retningslinene for gjennomføring av like arrangement. Handboka vart fyrst utarbeidd av styret i Rogaland Ungdomslag i 1985, seinare revidert, hausten 1993 og våren 2000, og no i november 2004.

1. Rogaland Ungdomslag i organisasjonen

Fylkeslaget har 19 lokallag med totalt 757 medlemmer. Av dette er 559 vaksne medlemmer, 76 ungdomsmedlemmer og 122 barnemedlemmer (pr. 25.10.04)

Nedanfor er ein oversikt over fylkeslaget med styret og særgreinsleiarar sin plass i organisasjonen:

Organisasjonskart



[Til toppen](#)



2. Lov for Rogaland Ungdomslag

Revidert under årsmøtet på Sjonar 17.-18. mars 2001. Godkjend av Noregs Ungdomslag 21. mars 2001.

§ 1 Føremål

Rogaland Ungdomslag skal arbeida for å styrkja den frilynde ungdomsrørsla i Rogaland i samsvar med føremålet og arbeidsprogrammet til Noregs Ungdomslag.

Rogaland Ungdomslag skal vera eit fast bindeledd laga imellom og mellom laga og Noregs Ungdomslag. Særleg skal fylkeslaget ha ansvar for å fremja sams kulturelle og økonomiske føremål, skipa nye lag og koma med nye tilbod til ungdommen gjennom laga.

§ 2 Medlemskap

Rogaland Ungdomslag er med i Noregs Ungdomslag og godkjenner lovene og føresegnene til landslaget.

Alle ungdomslag i Rogaland som vil arbeida i samsvar med føremålet til Noregs Ungdomslag, og som har lover som er godkjende av fylkeslaget, kan bli med i Rogaland Ungdomslag.

§ 3 Årspengar

Ungdomslaga betaler til fylkeslaget dei årspengane som er vedtekne på årsmøte i fylkeslaget.

Styret i fylkeslaget fastset retningslinjer og tidsfristar for årspengane.

§ 4 Årsmelding

Arbeidet i fylkeslaget og i ungdomslaga skal følgja kalenderåret.

Ungdomslaga sender årsmelding til fylkeslaget og landslaget kvart år innan 15. februar.

Fylkeslaget sender årsmelding til Noregs Ungdomslag innan 1. april.

§ 5 Årsmøte

Årsmøte skal haldast kvart år innan utgangen av mars. Omframte årsmøte skal haldast når årsmøtet, styret eller 1/3 av alle ungdomslaga krev det.

Ungdomslag som har frå 5 til 49 medlemmer over 14 år, har rett til 3 utsendingar til årsmøtet. Lag som har frå 50 til 100 medlemmer over 14 år, har rett til 4 utsendingar til årsmøtet. Deretter 1 utsending for kvart nye påbyrja 100 medlemer.

Einskildlag som ikkje har sendt årsmelding eller ikkje har betalt årspengar, har ikkje utsendingsrett.

Utsendingane frå einskiltlaga skal veljast på årsmøtet eller eit lagsmøte.

Årsmøtet vel leiar, 4 styremedlemer med 3 varamedlemer, 2 ettersynsfolk og dei nemndene/særgreinsleiarane som til kvar tid er nødvendige. Årsmøtet kan gi fylkeslagsstyret fullmakt til å velja nemndene. Leiaren blir vald særskilt for eitt år om gongen,



styremedlemene blir valde for 2 år om gongen, slik at 2 står på val kvart år. Varamedlemene blir valde for eitt år om gongen.

Årsmøtet vel utsendingar til årsmøtet i Noregs Ungdomslag. Unntaksvis kan årsmøtet i fylkeslaget gi styret fullmakt til å velja utsendingar.

Årsmøtet skal ta stilling til årsmelding, ettersett rekneskap, arbeidsprogram, budsjett og andre saker som styret legg fram.

Innkallinga til årsmøte skal sendast ut minst ein måned føreåt saman med saksliste og saksdokumenta for møtet.

Saker til årsmøtet må vera komne til fylkeslaget innan 31. januar.

Røysterett har styret og særgreinsleiarane i fylkeslaget og utsendingar frå lokallaga når dei har betalt årspengar. For val og vedtak gjeld dei same reglane som for årsmøte i Noregs Ungdomslag.

Styret skal koma med framlegg til valnemnd.

§ 6 Arbeidet i styret

Styret vel seg imellom nestleiar, kasserar og skrivar.

Styret leier arbeidet i fylkeslaget. Styret har ansvar for arbeidet i nemndene/særgreinene.

Styret rår over eiga, og skal driva laget på ein økonomisk forsvarleg måte i samsvar med budsjettet.

Styret skal føra vedtaksprotokoll.

Styret er vedtaksført når 3 er tilstades.

§ 7 Dansen i laga

Dansen skal vera eit middel til å aktivisera lagsflokkene, men lagsstyra må syta for at dansen ikkje trengjer vekk verdifullt program i laget. I samsvar med prinsipp-programmet må folkedansen spela ei sentral rolle.

§ 8 Føresegner om rusgifter

Rusgifter og personar påverka av rusgifter skal haldast borte frå samkome i samskipnaden og einskildlaga.

§ 9 Trygging av eiga

Dersom fylkeslaget blir lagt ned eller skiftar føremål så det ikkje lenger kan stå i Noregs Ungdomslag, skal styret i Noregs Ungdomslag ta vare på midlane til fylkeslaget. Går det 7 år frå midlane er overtekne, og fylkeslaget ikkje her kome i gong att, eller det ikkje er skipa nytt godkjent fylkeslag, tek styret i Noregs Ungdomslag over midlane.



Fylkeslaget skal ta vare på midlane til ungdomslag som blir lagde ned eller skiftar føremål så dei ikkje lenger kan vera med i fylkeslaget. Dersom laget ikkje er kome i gong att innan 7 år, eller det ikkje er skipa nytt godkjent lag på staden, skal midlane nyttast på den måten som er fastsett i lova til laget. Dersom lagslova ikkje seier noko om dette, skal midlane overlatast til kommunestyret/bystyret som nyttar dei til beste for ungdomsarbeidet på staden.

§ 10 Ymse

Lover og føresegner for Noregs Ungdomslag som omhandlar tilhøve i fylkeslaget eller organisasjonen generelt, gjeld for Rogaland Ungdomslag.

§ 11 Lovendring

Framlegg om lovendring må kunngjerast for ungdomslaga minst ein måned før årsmøtet. Årsmøtet kan då vedta framlegget med 2/3 røystefleirtal.

Endring av lova må godkjennast av styret i Noregs Ungdomslag.

3. Rogaland Ungdomslag – adresse og bankkonti

Adresse

Rogaland Ungdomslag

v/ leiar

Elles sjå adresseliste over tillitsvalde og lokallaga

Bankkonti

Bankgiro: 3240.06.19130 Haugesund sparebank,

Bankgiro: 3240.05.13154 Haugesund sparebank,

Bankgiro: 3240.05.14029 Haugesund sparebank,

Bankgiro: 3330.69.56405 SR – bank

Bankgiro: 0814.42.80467 Postbanken

Bankgiro:

EV andre fondskonti

Hovudstyret driftskonto

Hovudstyret kapitalkonto

Barnenemnd Reguleringsfond

Ungdomsringen i RU

Bunadnemnda driftskonto

Innsamlingsarbeidet

[Til toppen](#)



4. Arbeidsrutinar i fylkeslaget

Lover, føresegner, årsmøtevedtak etc.

Dei tillitsvalde i RU skal arbeida i samsvar med

- Lover for Rogaland Ungdomslag og NU – lova
- Føresegner for arbeidet i nemndene (normalføresegnene til NU)
- Årsmøtevedtak i RU og NU

Arkivet i RU

RU arkiverer møteprotokollar og anna historisk materiale ved statsarkivet i Stavanger.

Dersom du treng noko i arkivet, ta kontakt med leiaren i RU.

Arbeidsdeling mellom tillitsvalde i styret og nemndene

Leiar i RU har det overordna ansvaret for arbeidet i fylkeslaget, og ser til at andre tillitsvalde i styret og nemnder har klare instruksar om arbeidsrutinar og omfang slik at aktiviteten i fylkeslaget vert arbeids- og kostnadseffektivt.

Styremøte

Les om arbeidet til styret i lova til RU § 6

- styret møter om lag ein gong i månaden
- dato og møtestad bør om mogleg fastsetjast for ca eit halvt år om gongen
- 1. varamann til styret og særgreinsleiarane vert innkalla til kvart styremøte
- innkalling til møte med sakslista vert sendt ut om lag 1 veke før møtet
- sakslista har desse punkta: godkjenning av innkalling og møtereferat, komme og sende skriv, referatsaker/rapport frå nemndene og representasjonar. Rekneskap-rapport minst kvart halvår.
- referat frå styremøte sendast innan ei veke, som rundskriv etter fast adresseliste

Rundskriv frå RU går til:

- lokallag ved leiar
- styret, varamedlemer, særgreinsleiarar, ettersynsfolk i RU, NU-kontoret og RU sin kontaktperson i NU

Møte i nemndene

- leiaren i nemnda kallar inn til møte
- nemndene fører møteprotokoll og rapporter til styret i RU ved leiaren. Referata/rapportane går ikkje ut som rundskriv
- nemndene arkiverer kopi av alle skriv som vert sende
- tiltak som nemndene vil setja i gong må godkjennast v RU-styret på førehand (plan og budsjett)
- om kurs på fylkesplan, sjå punkt 14 i dette heftet

Skriv frå nemndene

Alle skriv skal sendast ut gjennom skrivar/leiaren i RU

- skrivaren sørgjer for kopiering og utsending av skriv om det ikkje vert gjort anna avtale



5. Faste tilskipingar

Årsmøte i RU

Skal heldast innan utgangen av mars. Sjå punkt 14, retningsliner for arrangørslag.

Lokallagssamlingar (samrådsmøte)

Bør heldast minst ein gong i året. For å betre framsmøte, gjerne eit for nordfylket og eit for sørfylket.

Barnestemna i RU (Fylkesstemne for barn i RU)

Eit fylkesstemne som går over tre dagar, fredag til søndag, bør vera i 1. halvdel av juni (helst ikkje helga når skulane sluttar). Lokallaga bør spørjast om å skipa til stemne minst eit år på førehand. For detaljar sjå punkt 16.

Haustspretten

Haustspretten er ei blanding av eit barnestemne og ei ungdomsringsamling. Det er Barne- og ungdomsnemnda som er arrangør. Eit lokallag er vertslag og praktisk arrangør. Det går over 3 dagar, fredag til søndag, bør vera i oktober. Vertslag må spørjast om å skipa til arrangementet minst eit år på førehand.

Møte for utsendingane til årsmøtet i NU

Fylkeslaget kan kalla inn til eit møte der årsmøteutsendingane frå lokallaga og fylkeslaget diskuterer saker til årsmøtet i NU.

[Til toppen](#)



6. Økonomi

- styret har ansvar for at det vert ført rekneskap over inntekter/utgifter/eigendom
- styret har ansvar for at offentlege stønadsordningar vert nytta
- rekningar i samband med arbeidet i RU skal sendast kasserar
- RU har egne skjema for reiseutgifter. Kilometersatsen for privatbil vert fastsett av styret og er for tida kr 1,50. Elles skal alltid billegaste reisemåte nyttast.
- Om du sender pengar til fylkeslaget, så gjer greie for kva innbetalinga gjeld

NU -butikken

Prisliste for NU-butikken ligg på websida til Noregs Ungdomslag; www.ungdomslag.no. Artiklar tingast direkte hos Noregs Ungdomslag

7. Kontakten med lokallag

God kontakt med lokallaga er svært viktig for alle tillitsvalde på fylkesplanet.

Kontaktpersonar

Styret deler ansvaret for kontakt med lokallaga mellom seg. Dette inneber:

- vera bindeledd mellom fylkeslaget og lokallaget
- møta på ei eller fleire tilskipingar i laget
- kontakta laget før tilskipingar på fylkesplan, for å få av stad deltakarar og utsendingar

Besøk i lokallaga

Du må vere godt førebudd når du skal på besøk i lokallaga. Det er om å gjera å skapa tillit mellom lokallaget og fylkeslaget. Ansvaret er ditt. Tenk over det før du reiser og prat med leiaren i lokallaget på førehand.

Det kan vera lurt å ta med:

- ❖ Lova for RU (til utdeling)
- ❖ Reglar for studiearbeid, tilskottsatsar, skjema til utdeling
- ❖ Prinsippprogrammet og arbeidsprogrammet til NU (til utdeling)
- ❖ Infomappe om NU (til utdeling)
- ❖ NU – lov, handbok 1
- ❖ Handbok for tillitsfolk i Rogaland Ungdomslag
- ❖ Oversikt over medlemspengar til fylkeslaget og til NU
- ❖ Litt historikk om RU
- ❖ Anna aktuelt materiale

Aktivitetskalender

Styret i RU vurderer til ei kvar tid om det er turvande å gi ut årlege/halvårlege aktivitetskalenderar over lokallaga og fylkeslaget sine planlagde aktivitetar. Ei slik oversikt er ikkje berre kontaktskapande lokallag og fylkeslag imellom, men og til nytte for å avverja kollisjonar mellom tilskipingar i dei ulike laga.



8. Medlemsfordelar – lokallag

Nokre av fordelane for lokallaga i å vera med i Rogaland Ungdomslag:

- ❖ Tilgang til instruktørar innan folkedans, amatørteater, barnarbeid og studiearbeid
- ❖ Tilskott til innmelde og godkjende studietiltak til lag som driv med song, teater, dans og studiearbeid
- ❖ Tilskott til innmelde og godkjende studietiltak til lag som arrangerer ulike slag kurs
- ❖ Rett til å delta på storkurs/instruktørsamling og andre arrangement til ein rimelegare pris
- ❖ Deltaking på barnestemne i regi av Rogaland Ungdomslag til ein rimelegare pris
- ❖ Fyrsterett til deltaking ved fullteikna kurs/samlingar
- ❖ Deltaking på samling i Ungdomsringen i Rogaland Ungdomslag til ein rimelegare pris

9. Medlemsfordeler – medlemmer

- ❖ medlemsrabatt på tilskipingar i NU, RU og i mange høve ved lokallaga sine arrangement
- ❖ fyrsterett til å delta på stemne og kurs i landslag og fylkeslag
- ❖ medlemsbladet ”Ungdom”
- ❖ 20 % rabatt på
Comfort Hotel Saga, Tromsø
- ❖ 20 % rabatt på
Best Western Hotell Hordaheimen, Bergen
- ❖ 30 % rabatt på vekedagar og
10 % rabatt på helgedagar på
Best Western Hotell Bondeheimen, Oslo
- ❖ 20 % rabatt på
Det Norske Teatret

Frå og med 2000 vert innkrevjinga av medlemspengane gjort av lokallaga og laga må sørgja for at alle medlemmer blir innmelde til NU saman med betaling av lagskontingenten. Deretter må laget sørgja for at medlemene får utlevert medlemskorta. Rediger medlemslista til laget ditt her; www.webmedlem.no (få brukarnamn og passord frå NU-kontoret)

[Til toppen](#)



10. Føresegner for arbeidet i nemndene

Generelt

Årsmøtet tek stilling til oppnemning av nemnder/leiarar for dei ulike særgreinene. Dei ulike nemnder/leiarar blir vald av årsmøtet/styret (etter fullmakt). Særgreinsleiarane møter ved innkalling på styremøta i RU og rapporterer om arbeidet i nemnda. Særgreinene rapporterer om arbeidet i årsmelding og, om aktuelt, i rekneskap til årsmøte i RU.

Det er, om økonomien tillet, ynskjeleg at særgreinsleiarane tek del i respektive fagkurs som NU arrangerer.

Særgreinsleiarane skal samordne arbeidet innan kvar sitt felt på fylkesplan.

Særgreinsleiarane skal utarbeida ei adresseliste over særgreinsleiarar/kontaktpersonar i lokallaga. Dette skal skrivaren syta for. Dei skal og formidla kontakt mellom lokallaga når det gjeld samkøyring av lokale kurs og arrangement, og utveksling av kurslærarar lokallag imellom.

Særgreinsleiarane skal og sørgja for opplegg til storkurs og skaffa lærarar til desse. Det er ynskeleg at desse kursa kan byggja på kvarandre, slik at dei kan leia fram mot sentrale NU-kurs.

Særgreinsleiarane utarbeider og ajourfører lister over aktive instruktørar, og sender desse til lokallaga.

Føresegner for Barne- og ungdomsnemnda i Rogaland Ungdomslag

Barne- og ungdomsnemnda blir vald av årsmøtet og leiaren møter ved innkalling på styremøta i RU. Barne- og ungdomsnemnda rapporterer om arbeidet til styret og i årsmelding til årsmøte i RU.

Barne- og ungdomsnemnda i Rogaland Ungdomslag skal arbeida for å utdanna leiarar i folkedans for barn. Nemnda skal skaffa instruktørar til kurs og samlingar.

Ho skal halda kontakt med laga, og arbeida for at barneleiarringane kan samlast til barnestemne ein gong i året (sjå punkt 16). Barne- og ungdomsnemnda arrangerer òg andre samlingar som t.d. Haustspretten. Med dette skal nemnda arbeide særskild for rekruttering til Ungdomsringen.

Barne- og ungdomsnemnda i RU skal arbeida etter Noregs Ungdomslag sine retningsliner, og halda ved like god kontakt med Barne- og Ungdomsrådet.

[Til toppen](#)



Føresegner for Ungdomsringen i Rogaland Ungdomslag

Ungdomsringen ligg under RU, og legg fram årsmelding og rekneskap til godkjenning på årsmøte i RU. Årsmøte i RU stadfester òg valet av tillitsvalde i Ungdomsringen. Representant frå Ungdomsringen møter på styremøta i RU..

Ungdomsringen vel styre på eige årsmøte, der årsmelding og rekneskap blir godkjende. To frå styret i Ungdomsringen er med i Barne- og ungdomsnemnda.

Ungdomsringen driv arbeid i aldersgruppa 14 – 25 år i RU gjennom samlingar, og samarbeider gjerne med andre fylkeslag etc. Ungdomsringen satsar på å dekkja områda; folkedans, sving, teater og folkemusikk. Opplæring av eigne instruktørar skal vera prioritert oppgåve. Ungdomsringen arrangerer Haustspretten i lag med Barne- og ungdomsnemnda og eit lokallag (vertslag).

Føresegner for Bunadnemnda i Rogaland Ungdomslag

Bunadnemnda blir vald av årsmøte og rapporterer om arbeidet i årsmelding og rekneskap. Nemnda har eige budsjett og bankkonto og ein representant frå nemnda møter på styremøta i RU ved innkalling.

Bunadnemnda arbeider etter føresegner frå NU. Desse er mellom anna å ta vare på, og føra vidare norsk husflidstradisjon ved å arbeida for at bunaden skal verta eit allment brukt fest- og høgtidsplagg i og utanom organisasjonen, og at kvaliteten på bunaden vert høg.

I alt arbeid med rekonstruksjon av gamle plagg og vidareføring av draktene må ein søkja råd og rettleiing hos Bunad- og Folkedansrådet i NU.

Utanom bunadsarbeid skal ein også arbeida med andre greiner av norske husflids- og handverkstradisjonar. Ikkje berre sying og strikking, men også t.d. tresløyd kjem inn her.

Informasjonsarbeid for å auka kunnskapen hos folk flest er ein viktig del av Bunadnemnda sitt arbeid.

Føresegner for Folkedansnemnda i Rogaland Ungdomslag

Folkedansnemnda blir vald av årsmøtet i RU og rapporterer om arbeidet i eiga årsmelding. Ein representant frå nemnda møter på styremøta ved innkalling og rapporterer om arbeidet.

Folkedansnemnda syter for god kontakt med lokallaga og har oversyn over instruktørstoda slik at lag som treng instruktørar kan hjelpast.

Folkedansnemnda tek ansvar for tilretteleggjing og skaffar lærarar til ulike kurs og samlingar for danseinstruktørar.

Instruktørar til dansegrupper for utviklingshemma er eit prioritert felt.

Seminar, innsamlingsarbeid og anna registrering av lokale song-, spel- og dansetradisjonar, er del av nemnda sitt arbeidsfelt.



Det er viktig at Folkedansnemnda har god kontakt og samarbeider med fylkeskommunale etatar og andre organisasjonar innan folkedans. SAFFRO, Folkemusikkarkivet i Rogaland, Rådet for folkemusikk og folkedans og sist men ikkje minst Folkedansrådet i NU.

Føresegner for teaternemnda i Rogaland Ungdomslag

Teaternemnda blir vald av årsmøtet i RU, og rapporterer om arbeidet i eiga årsmelding. Ein representant frå Teaternemnda møter på styremøta ved innkalling og rapporterer om arbeidet.

Teaternemnda skal vera ein pådrivar for aktivitet innan amatørteater, revy, teatersport og anna scenekunst.

Teaternemnda skal ha god kontakt med lokallag som driv innan dette området og oppmuntra desse og andre lag til aktivitet gjennom kurstilbod og liknande. Teaternemnda har oversyn over instruktør-stoda slik at lag som treng instruktørar kan bli hjelpne.

Teaternemnda tek ansvar for tilrettelegging og skaffar lærarar til ulike kurs og samlingar for teaterinstruktørar.

Teaternemnda har god kontakt med Teaterrådet i NU og samarbeider med andre organisasjonar innan amatørteater så som Rogaland Amatørteaterråd.

Føresegner for studieleiar i Rogaland Ungdomslag

Studieleiar blir vald blant styremedlemmene og rapporterer om arbeidet i eiga årsmelding.

Studieleiar har eit nært samarbeid med Folkekulturforbundet på fylkesplanet og tek hand om kommunikasjonen med Folkekulturforbundet på landsplan.

Studieleiar er ansvarleg for at søknadsskjema for fylkeskommunalt tilskott (grunnstønad og tiltaksstønad) blir utfylte og sende innan fristen (for tida 1. november)

Studieleiar si hovudoppgåve er å stimulera studieaktiviteten i lokallaga og fylkeslaget. Studieleiar spreier informasjon om stønadsordningar, studiekatalogar og fordel med å registrera studietiltak.

Studieleiar arbeider for å få fleire med i kunnskapstevlingane Kven veit? og Junior Kven veit?.

[Til toppen](#)



11. Utklyppsboka

RU har ei bok der avisutklypp om fylkeslaget og lokallaga er blir samla. Me oppmodar tillitsvalde i RU og i lokallaga om å samla stoff.

12. Medlemskap i andre organisasjonar

Rogaland Ungdomslag er med i desse organisasjonane:

- ❖ Noregs Ungdomslag
- ❖ Folkekulturforbundet i Rogaland (FKF-Rogaland)
- ❖ Vaksenopplæringsforbundet i Rogaland, VoFo Rogaland (indirekte gjennom FKF)
- ❖ Rogaland 4H
- ❖ Rogaland Amatørteaterråd
- ❖ Jærmusèet

13. Heiderlagsmedlem

Rogaland Ungdomslag har 1 heiderlagsmedlem (2004):

Astrid Hansen, Haugesund

[Til toppen](#)



14. Retningslinjer for lokallag som arrangør av årsmøte/årsmøtefest

Det er styret i RU si oppgave å finna vertslag for årsmøte/årsmøtefest RU, og dette bør vera klarlagt eit år på førehand.

Når det gjeld det økonomiske ansvaret kring desse arrangementa, ligg dette på arrangørlaget som vil få opplysning om forventa deltakartal på årsmøte og fest påmelde via RU, og kva prisnivå som er akseptabelt for dei ulike arrangementa.

Når det gjeld mat og eventuell losji, må arrangørlaget bli informert om kva standard og kostnadsnivå som er aktuelt på årsmøte, medan det er lokallaget sitt ansvar å tilpasse kostnad på festmeny og eventuell musikk slik at det vert økonomisk balanse.

Årsmøtefesten er til vanleg den einaste formelle festen i RU året gjennom, og prisnivået må derfor haldast på eit nøkternt nivå slik at flest mogeleg kan møta.

Arrangørlaget må avklara og gi melding til RU om prisar innan utgangen av januar. (Etter vedtak (sak 83/99) på styremøtet 14. november 1999)

[Til toppen](#)



15. Retningslinjer for kurs/storkurs på fylkesplan

Alle kurs på fylkesplan skal ha med informasjon om NU og RU. Dette kan organiserast i form av t.d. ei fellesforelesing. Det er svært viktig at den ideologiske delen kjem med på kurset slik at ikkje folk vert for snevert opptekne av sine eigne fagområde.

Styret i RU og nemndene avgjer kva kurs det til ein kvar tid er ynskeleg/naudsynt å halda.

Nemndene sørgjer for å skaffa lærarkrefter til sine kurs saman med desse leggja opp kursa. Nemndene syter for å få ein skriftleg avtale med lærarane, samt at dei held god kontakt med dei. Ved eventuell avlysing har nemndene ansvar for å gi lærarane melding om dette, seinast to veker før kursstart.

Fordeling av oppgåver:

Før kurset	Styret i RU	Nemnder/ Kursleiar
Finna fram til og tinga høveleg kursstad/lokaler	X	
Setja opp eit budsjett og program for kurset	X	
Senda program og innbyding til lokallaga i god tid før kurset	X	
Melda inn kursa som studietiltak	X	
Syta for å tinga materiell til kurset		X
Driva PR-arbeid i massemedia og lokallaga	X	
Under kurset:		
Syta for tilbod til deltakarane om kveldane under kurset	X	X
Syta for vitnemål og kurs-evalueringsskjema		X
Halda kontakt med kjøkken og innkvartering		X
Gjennomføring av overordna timeplan		X
Betala godtgjersle til lærarar	X	
Etter kurset:		
Evaluering av kurset på første styremøte	X	X
Gjennomgang av kurskritikk frå elevar og lærarar	X	X
Eventuell oppfølging/utsending	X	

[Til toppen](#)



16. Retningslinjer for Fylkesstemne for barn i RU

Rogaland Ungdomslag skipar kvart år til fylkesstemne for barn i RU. Stemna skal vera i første halvdel av juni. Lokallaga får innbyding til å ta på seg stemnearrangementet minst eit år på førehand.

Døme på program under ei tre dagars stemne:

Fredag: Innkvartering og kveldsmat

Velkomstkveld

Laurdag: Frukost

Program i sentrum av bygda/byen i forretningstida

- Folkemusikkgruppe
- Folkedansframsyning
- Stand med NU-materiell og info om ungdomslaga
- Utstillingar og anna aktuell marknadsføring

Middag

Aktivitetar for stemnedeltakarar

- Natursti, tur/omvisning
- Ymse aktivitetar,
- Dans/kurs/framsyning på institusjon
- Kurs og andre gode idèar

Kveldsmat

Leikfest med programinnslag

Sundag: Frukost

Middag

Stemnetog

Hovudstemne

Det må sendast ut ein faldar om stemna minst ein månad før påmeldingsfristen. Påmelding på aktivitetar må skje ved påmelding til stemna. Stemneavgifta må betalast ved påmelding.

Praktiske tips som er verd å ta med seg:

- Samdansprogrammet vert sett saman av barnenemnda i RU og arrangørlaget, og bør sendast ut til lokallaga desember – januar
- Stemnenemnda set opp budsjett som skal godkjennast av styret i RU
- Så vel deltakarar som leiarar betaler full pris. Dei som ikkje er medlem i NU betaler ein høgare pris, og vert avviste fyrst dersom stemna er fullteikna.
- Lokallaget har økonomisk ansvar for kiosksal og matsal utanom dei faste måltida
- Overskot av stemna elles blir delt med 2/3 på lokallaget og 1/3 på Rogaland Ungdomslag. Rogaland Ungdomslag sin del blir sett inn på Barnearbeidsfondet. RU vil garantere for eit eventuelt underskot.
- Det er lokallaget sitt ansvar å søka stønad frå kommunen, bankar og det lokale næringsliv.
- Rogaland Ungdomslag søker tilskot frå fylkeskommunen
- Stemnemerke er med i stemneavgifta som ungane betalar ved påmelding.
- Stemneleiaren må informera brannvesen, politi og lege om at det er stemne på staden.
- Stemnearrangør må syte for personskadeforsikring
- Det er laga ein perm over arbeidsfordeling i to eks; ein til lokallaget og ein til Barne- og ungdomsnemnda.



17. Retningslinjer for Haustspretten

Haustspretten er ei blanding av ei barnestemne og ei ungdomsringsamling, som Barne- og ungdomsnemnda i samarbeid med ungdomsringen og eit vertslag arrangerar. Arrangementet skal haldast i oktober, og eit lag må spørjast om å skipa til arrangementet minst eit år på førehand.

Døme på eit program:

Fredag:

- Innkvartering/ mat
- Bli kjent leikar/ dans
- ”Kose”- samling
- Ro

Laurdag:

- Frukost
- Fellesaktivitet
- Lunsj
- Valfrie aktivitetar
- Pause
- Middag
- Mini-mat.
- ”Kose”- samling

Sundag:

- Frukost/ pakking
- Evaluering
- Avslutning
- Vel heim

Det må sendast ut informasjon om haustspretten til alle laga minst ein måned før påmeldingsfristen. Påmelding på aktivitetar skjer på haustspretten. Betaling skjer via ungdomslaga, slik at barnenemnda får pengane i starten av arrangementet.

Det er barnenemnda som skal setja opp budsjett saman med kasserar i RU. Budsjettet skal godkjennast av styret i RU. Barne- og ungdomsnemnda skal ha ferdig rekneskapet innan ein måned etter samlinga!

Lokallaget har det økonomiske ansvaret får kiosksal og matsal utanom dei faste måltida.

Økonomi:

2/3 av heile overskotet til lokallag, 1/6 til Ungdomsringen (URU) og ein 1/6 til RU. Dersom ikkje det er noko lokallag blir URU arrangørlag og får derfor også lokallaget sin del av overskotet. RU sin del blir satt inn på Barnearbeidsfondet. RU garanterer for eventuelt underskot.

Leiaren for haustspretten må informera brannvesen, politi og lege om at der arrangerast haustsprett på staden.


Det er og laga ein Haustsprett-perm i tre eksemplar, ein til lokallaget, Ungdomsringen og Barne- og ungdomsnemnda med meir detaljert arbeidsfordeling og informasjon om stønadsordningar.

[Til toppen](#)




18. Retningslinjer for RU sitt Barnearbeidsfond

Fordeling av overskot frå Haustspretten:



Fordeling av overskot frå Fylkesstemne for barn i RU:



Rogaland Ungdomslag sin del av overskotet går i begge tilfeller inn på Barnearbeidsfondet.

Lokallaga som skal vera vertslag for Haustspretten og Fylkesstemne for barn i RU, kan i førekant av arrangementet søkje om midlar frå dette fondet. Søknad med ei kort grunngjeving for kvifor laget treng ekstra midlar og kor mykje, må sendast til leiar i fylkesstyret i god tid før. Styret vil til ein kvar tid vurdere om søknaden kan godkjennast.

RU vil garantere for eventuelle underskot under desse arrangementa. Dette går frå Barnearbeidsfondet.



19. Årsrytme

<p>Januar</p> <ol style="list-style-type: none"> Send tilbake årsrapport (last ned frå NU si nettside) innan 1. februar til: <ul style="list-style-type: none"> - Noregs Ungdomslag - Rogaland Ungdomslag (kopi) Send medlemslista med underskrift til Noregs Ungdomslag (kontakt NU) Hugs å betale lagskontingent til Noregs Ungdomslag Siste frist for ferdigmelding av studietiltak er 15.jan. (Folkekulturforbundet)
<p>Februar</p> <ol style="list-style-type: none"> Fyll ut skjema om nyvalt styre i lokallaget og send dette til NU Storkurs (Rogaland Ungdomslag, Telemark, Vest-Agder og Aust-Agder) Påmelding til årsmøte i RU Påmelding til Fagseminar og Landsråd i NU Oppstart av konkurranse-rundar i Kven Veit? og Junior Kven Veit?
<p>Mars</p> <ol style="list-style-type: none"> Årsmøte i RU (utsendingar vel lokallaget på sine årsmøter) Seminar (sundag etter årsmøte i RU) <ul style="list-style-type: none"> - Her møtest alle lokallag for felles planlegging og samarbeid
<p>April</p> <ol style="list-style-type: none"> Fagseminar og Landsråd i NU Hugs å betala lagskontingent til Rogaland Ungdomslag
<p>Mai</p> <ol style="list-style-type: none"> Påmelding til Fylkesstemne for barn i RU Påmelding til Noregs Ungdomsring Påmelding til Folkekulturfestivalen og årsmøte i NU Påmelding til Sommarkurs i NU
<p>Juni</p> <ol style="list-style-type: none"> Fylkesstemne for barn i RU (vanlegvis første helga) Nordleik –Nordisk folkedans/musikk-festival kvart tredje år
<p>Juli</p> <ol style="list-style-type: none"> Sommarkurs i NU Noregs Ungdomsring Siste frist for ferdigmelding av studietiltak er 1.juli (Folkekulturforbundet) Folkekulturfestivalen (landsstemne i NU) Årsmøte i NU (på Folkekulturfestivalen) Hugs at alle lokallag <u>kan</u> stilla med representantar til dette møtet
<p>Juli/August</p> <p>-</p>
<p>September</p> <ol style="list-style-type: none"> Påmelding til Haustkurs i RU (mange ulike kurs – kom gjerne med tips og ønske) Påmelding til Haustspretten (samling for barn i Rogaland. Frå 5. til 8. Klasse)
<p>Oktober</p> <ol style="list-style-type: none"> Haustkurs i RU Haustspretten (samarbeid mellom lokallag og barne- og ungdomsnemnda)
<p>November</p> <ol style="list-style-type: none"> Påmelding til Kven Veit og Junior Kven Veit
<p>Desember</p> <ol style="list-style-type: none"> Påmelding til Storkurs i januar Valnemnda til RU startar sitt arbeide

Frifond har to søknadsfristar i året. Dato for desse varierar. Sjå www.norung.no
[Til toppen](#)



[Til toppen](#)

28.01.2006

Handbok for tillitsfolk i RU

Revidert august 2004